

FILE 23

MOTMELDINGA

KAP. - 5

DEL A: GJENNOMGANG AV HOVUDPUNKTA I STORTINGSMELDING 12

- I. MÅLFORMULERINGA OG BAKGRUNN FOR ST.MELDING 12
- II. FORSLAGA TIL KONKRETE ENDRINGAR AV STØNADSSYSTEMET
 - a) Stønadssbehov
 - b) Utdanningsstipend -- prosentstipend
- III. ENDRINGAR SOM IKKJE ER KNYTTE TIL ENDRINGA AV SYSTEMET

DEL B: KRITIKK AV STORTINGSMELDING 12

- I. INVESTERING I UTDANNING - STATENS ANSVAR
 - a) Meldinga sin mangel på problemstilling om ansvaret for investering i utdanning
 - b) Samanlikninga mellom Lånekassen og privatbankar
 - c) Endringane i lånevilkåra
 - d) Endra målsettingsformulering
 - e) Politiske synsmåtar i Stortingsmelding 12
 - f) Problem som meldinga ikkje tek opp - studentane sine problem som følge av dårleg studiefinansiering
- II. UTDANNINGSSTIPENDET
 - a) Overgangen til prosentstipendet sett i lys av nedskjæringspolitikken.
 - b) Forenkling av systemet ?
 - c) Behovsprøving av stipendet
- III. DEN FAKTISKE REDUKSJONEN I STIPENDET TIL DEI SOM I DAG MOTTEK BORTEBUARSTIPEND.
- IV. NEDKORTA ATTENDEBETALINGSTID OG INNFORING AV RENTERS RENTE I STATENS LÅNEKASSE.

DEL A: GJENNOMGANG AV HOVUDPUNKTA I STORTINGSMELDING 12

I. MÅLFORMULERINGA OG BAKGRUNN FOR STORTINGSMELDING 12

Sidan Utdanningsfinansieringsutvalget (Sand-komiteen) i 1979 la fram si utgreiing (NOU 1979:34) om studiefinansiering har det vorte vorte førebudd ei Stortingsmelding om same temaet. Denne vart lagt fram av Kultur- og vit-skapsdepartementet 8. juli 1983 som Stortingsmelding nr. 12 (1983 - 84) "Utdanningsfinansiering". Meldinga bygger i det vesentlege på Sand-komiteen si innstilling til omlegging av stønads-systemet: "Hovedgrunnlaget for denne meldingen er utvalgets utredning som er offentliggjort som NOU 1979:34."

Mandatet for Sandkomiteen seier m.a.:

"Utvalget skal legge fram et overslag over de kostnader hvert forslag vil medføre. Utvalget skal videre angi hvilke forslag som kan gjennomføres innen den nåværende utgiftsramme."

Nettopp dette siste er også blitt ramma for denne meldinga, ved at alle famlegga til endringar utan vanskar kan gjennomførast innanfor "den nåværende utgiftsramme".

Den viktigaste forskjelen frå Sand-komiteen si innstilling, er Stortingsmeldinga ikkje går inn for å lata stønadssystemet også omfatta vaksenopplæring og etterutdanning

Hensikten med meldinga er oppsummert på følgande måte under pkt.1.2 :

Utdanningsfinansieringsordningen med 170.000 enkelt-søknader hvert år, og vel 300.000 tilbakebetalere må karakteriseres som masseforvaltning. Med dette utgangspunkt er det forsøkt, innenfor de eksisterende rammer, å finne frem til et system som vil kunne fungere bedre. Hensikten har vært å fremme forslag til et støttesystem som er enklere å forstå, enklere å arbeide med og som i størst mulig grad kan tilfredsstille følgende kriterier:

- Målsettingen for utdanningsstøtte oppfylles i størst mulig grad.
- Antall stipendtyper reduseres
- Systemet tilpasses desentralisert behandling.
- Systemet blir lettere å forandre/revidere, og slik oppbygget at det til enhver tid kan tilpasses de endringer som skjer innen utdanningssektoren.
- Reglene blir i størst mulig grad bygget på kvantifiserbare størrelser.
- Systemet bør være enkelt å orientere seg i (brukervennlig).

Målsettinga for studieinansieringa

Formuleringa av målsettinga for studiefinansieringa er endra. I dag er målsettinga formulert på følgende måte :

"Å bidra til å fjerne den ulikhet i utdanningsmuligheter som skyldes geografiske forhold eller økonomisk bæreevne.
 Å bidra til at skolegang og studier kan skje under vilkår som muliggjør effektivt studiearbeid.
 Å bidra til å sikre samfunnet den nødvendige tilgang av utdannet arbeidskraft til de ulike yrker."

I St.meldinga er den første setningen endra og rekkefølgen er omstokka så formuleringa skal no verta:

"Å bidra til å sikre de utdanningsøskende muligheter for utdanning uavhengig av av geografiske forhold, kjønn eller økonomisk og sosial situasjon.
 Å bidra til å sikre samfunnet den nødvendige tilgang av utdannet arbeidskraft til de ulike yrker.
 Å bidra til at utdanningen kan skje under vilkår som muliggjør effektivt studiearbeid."

II. FORSLAG TIL KONKRETE ENDRINGAR AV SYSTEMET

a) Stønadssbehov

I prinsippet skal ein også etter meldinga oppretthalda systemet med ein kostnadsnorm. Mot at denne i dag berre er uttrykk for storleiken på den totale stønaden som kan gjevast til ein stønadsmottakar, skal den i det foreslåtte systemet også gje grunnlag for utrekning av stipendet. Meldinga innfører begrepet "stønadssbehov" om den nye kostnadsnormen. Det er ikkje i meldinga gjort framlegg til konkret utforming av regelverk, men i prinsippet skal stønadssbehovet reknast ut på same måte som den noverande kostnadsnorme.

Det betyr at ein tek utgangspunkt i ein grunnstønad som er tenkt lagt på om lag dagens heimebuarsats i kostnadsnormen. Oppå dette kjem så dei ulike tillegg som den enkelte har krav på, slik som botillegg, forsørgartillegg, reisetillegg etc.

b) Prosentstipendet

Etter det nye framlegget skal dei gamle stipendformene falla bort, og heile stipendsummen utdelast i form av det nye "utdanningsstipendet". Den viktigaste endringa i dette er at Stortinget i statsbudsjetthandsaminga ikkje tek stilling til faste kronesummar for stipenda, men gjer generellt vedtak om kor stor del av stønadssummen sum skal gjevast i form av stipend. For utrekning av stipendet vedtek Stortinget ei øvre og ei nedre grense for den delen av stønadssbehovet som det skal reknast stipend av. Samt kor mange prosent av dette stipendet skal utgjera.

Enkelte stipendformer vil bli holdt utanfor dette systemet,

og held fram som særstipend, men summen av desse vert helt marginal. Det same gjeld nokre få typar ekstraavgifter som det kan takast opp lån til, men som ikkje går inn i stipendutrekningssgrunnlaget.

Utanom dette går Stortingsmelding 12 stort sett inn for å halda på det systemet som er.

III. FRAMLEGG SOM IKKJE ER KNYTTE TIL ENDRINGAR AV SYSTEMET

Utanom desse endringane i systemet for stipendutrekninga gjer meldinga og framlegg om nedkorting av tilbakebetalingstida for lån og innføring av rentersrente i Statens Lånekasse.

a) Nedkorting av tilbakebetalingstida

I dag har alle lån ei tilbakebetalingstid på 20 år, dersom ikkje lånet er så lite at minimumsstorleiken på terminbeløpet medfører kortare tid. St. melding 12 uttalar følgande : "Etter departementets syn er det ikke behov for at gjennomsnittslånet ved avsluttet høyere utdanning får over 15 års tilbakebetalingstid. Tilbakebetalingstiden for lån opp til dette nivå bør graderes, men på en slik måte at det ikke fører til unødige låneopptak. Retningslinjene for tilbakebetalingsplanene for nye tilbakebetalere bør etter dette fastsettes årlig i samband med budsjettbehandlingen." (avsn. 7.4.3.)

b) Rentersrente.

I dag vert det ikkje rekna rentersrente av ubetalte renter for periodar der innbetalt rente er mindre enn pårekna rente. Meldinga seier : "Departementet tar sikte på å innføre rentersrente på nye lån i Lånekassen." Dette vil i så fall få betydning dei første tre åra med lågterminbeløp og i periodar med utsetting av innbetalinga.

DEL B. KRITIKK AV STORTINGSMEDLING 12.

I. INVESTERING I UTDANNING - STATENS ANSVAR

a) Manglende problemstilling om ansvaret for investering i utdanning.

Stortingsmeldinga manglar ei klar problemstilling om kven som har ansvaret for investering i utdanning i form av utdanningsfinansiering. Meldinga ligg nærmast til å vurdere lån og stipend som ei gåve til den enkelte utdannings søker. Det er umuleg i dag å tenke seg eit samfunn på Noregs utviklingsnivå uavhengig av det utdanningsnivået som er. Det samfunnsnødvendige i utdanning går også klart fram av målsetningsformuleringa der det vert lagt stor vekt på at utdanningsfinansieringa skal bidra til å sikra samfunnet nødvendig utdanna arbeidskraft.

I tillegg til å sikra samfunnet nødvendig arbeidskraft skal stønadsordninga også ha ein utjamnande funksjon, slik at økonomisk bakgrunn ikkje skal vera avjerande for val av utdanning. Ved nedskjæring av den totale stønadssummen vil foreldrekøkonomien komme stadig sterkare inn som moment i utdanningsfinansieringa, og dermed dei ulikeheitene som følger av det. Med den utvilkinga som har vore for lån i Lånekassen dei siste åra er ikkje tilbod om lån eigna til å utjamne slike missforhold. Kostnadsnormen som lånekassen i dag opererer med er altfor låg til å dekke dei utgiftene studentar har, så spørsmålet for fleire og fleire blir korleis skaffa det resterande for å kunna fortsette studiet.

Dei sterke forverringane i tilbakebetalingsvilkåra skapar problem for større og større grupper, og dette pressar dei utdannings søkande til å ta arbeid vedsida av studiet. Det vert også eit økonomisk press for å ta "konjunkturbestemte" utdanningsveg, der ynskje, interesse og evne for faget vert uvesentleg. Meldinga vurderer slik styring som ein viktig funksjon for utdanningsfinansieringa, men det som ikkje vert teke opp er at denne styringa berre fungerer

- a) i den grad store grupper har for dårleg råd
- b) overfor dei gruppene som er dårlegast stillte.

På denne måten vert utgangspunktet for meldinga usosialt.

b) Samanlikninga mellom Statens Lånekasse og privatbankane.

Både i den noverande og den foreslåtte målsetninga er og geografiske, økonomiske ulikeheiters handsama som samfunnsmessige problem som utdanningsfinansieringa skal gripa inn i. Dette er vel og bra, men det forblir formuleringar på det allmenne planet. Det er ikkje teke opp til drøfting korleis dette bør nedfella seg i den konkrete utforminga av stønadsverket. Dermed er ingenting til hinder

for å gå laus på den samanlikninga som meldinga gjer mellom Statens Lånekasse og private forretningsbankar. Ein vurderer lånevilkår i Lånekassen opp mot dei i privatbankane og fokuserer i stor grad på ulikheitene mellom desse i staden for å ta opp dei problema ferdigutdanna har med stor lånegjeld.

Ei stor studiegjeld vert nermast betrakta som ein stor fordel for den enkelte :

- ("Utdanningsfinansieringsutvalget konkluderer med at fordelene ved Lånekassens tilbakebetalingsordning sammenlignet med en privatbank , er større
- jo større den marginale skatteprosenten er
 - jo større prisstigningen er
 - jo større lånet er.) (avsn.7.4.3.)

Denne stadige tilbakevendinga til banklån indikerar først og fremst det faktum at lånevilkåra i lånekassen er (for ikkje å snakka om kva dei blir om meldinga går gjennom) i ferd med å nærma seg dei som gjeld for vanlege banklån. Realrenta i Lånekassen har aldri vore høgare enn i dag :

	1962	1967	1972	1977	1982	1983
Rentefot i Lånekassen ...	4,25	4,75	5,75	6,5	10,5	11,5
Inflasjonstakt,pst.....	5,3	4,4	7,2	9,0	11,4	9,0
Realrente,pst.....	-1,0	0,3	-1,8	-2,5	-0,9	2,5

Meldinga uttrykker eit sterk ønskje om å hindra i størst muleg grad at at lånetakarar får betre vilkår i Lånekassen enn i privatbankar :

("For eldre tilbakebetalere vil departementet hvert år vurdere en økning av fullterminbeløpet for 10 år gamle lån, for å kompensere for noe av den in flasjongsgevinst disse har hatt"). (avsn. 7.4.3.)

Den inflasjonsgevinsten det her er tale om er reell berre i den grad ein elles hadde finansiert studiet på andre måtar, t.d. ved banklån. Meldinga har ikkje vurdert om dette er ei realistisk samanlikning, d.v.s. om ein hadde oppnådd eit tilstrekkeleg stort antal uteksaminerte kandidatar frå dei høgare lærestadene dersom ein ikkje hadde hatt Statens Lånekasse. Det er slett ikkje sikkert at dei som i dag startar som tilbakebetalarar hadde sett i gang med ei lang utdanning dersom dei ikkje rekna inflasjonsgevinsten som ein av fordelene med lånet i lånekassen.

Vidare går meldinga inn for innføra renters renter i lånekassen og å korta ned tilbakebetalingstida, endringar som vil bringa Lånekasselån meir på linje med vanlege banklån.

I tillegg kjem Statsbankane (inkl. Lånekassen) sine spesielle mulegheiter i høve til privatbankane til å endra lånevilkåra etter at låneavtalen er inngått.

Lån i privatbankar er ikkje noko alternativ måte å finansiera utdanninga på i noreg, og mindre aktuellt blir det i takt med aukande arbeidsløyse blant akademikarar. Tilskipinga av Lånekassen var eit resultat av at staten såg det som samfunnsmessig nødvendig å sikra dei økonomiske vilkåra for studentane. Argumentasjonen i meldinga for dei nye forslaga peikar dessverre i motsatt lei.

c) Endring i lånevilkåra

På det allmenne planet tek meldinga opp problemet med at lånevilkåra i Lånekassen stadig endrar seg :

"Departementet mener det er ønskelig at det, med unntak av de endringer som skyldes endringer i utlånsrentefoten, ikke stadig foretas forandringer i prinsippene i tilbakebetalingsvilkårene. Skal lånevilkårene fungere som et effektivt styringsinstrument må lånesøkerne ha en viss sikkerhet for at vilkårene holdes stort sett uendret." (avsn.2,6).

Når det kjem til konkret utforming, derimot er dette gløymt :

"Retningslinjene for tilbakebetalingsplanene for nye tilbakebetalere bør fastsettes årlig i samband med budsjettbehandlingen". (avsn.2,6)

Med andre ord skal ein med ein gong utdanninga er avslutta få endra vilkåra som gjaldt då ein tok opp lånet.

d) Endringa av målsettingsformuleringa

Frå den gamle (noverande) formuleringa om at utdanningsstønadene skal bidra til å fjerna ymse ulikheiter i utdanningsmulegheitene , til den foreslåtte formuleringa om å bidra til å sikra dei utdanningssøkande sine mulegheiter for utdanning uavhengig av desse ulikeheitene, er det eit stort sprang.

Den noverande formuleringa er i tråd med det noverande systemet der ein i prinsippet gir stipend til dei gruppene ein reknar som mest utsett. Dette for å utjamna ulike vilkår for å ta utdanning.

Den nye formuleringa opnar for at ulikeheit i vilkår i staden skal finansierast ved større låneopptak .Dette vil ikkje utjamna ulikeheit, men likevel bidra til å setta studentar i stand til å studera uavhengig av ulike forhold. Målsettingsformuleringa opnar med andre ord for å overføra ulikeheitene til tilbakebetalingsfasen, noko ein med den gamle målsettinga freista å motvirka. Dette problemet overser også meldinga,og det er kanskje ikkje overraskande, sidan store studielån vert sett på som stort sett ein fordel!

I takt med forverringane av lånevilkåra vil effekten av eit

slikt prinsipp, i den grad det til ei kvar tid nedfeller seg i regelverket, kunna auka ulikheitene i t.d. geografisk rekrutering til universitet og høgskular.

e) Politiske synsmåtar i St.melding 12

I føregåande avsnitt er nemnt at meldinga ikkje vurderer dei ulike effektane av å gi stipend eller lån, men berre slår fast "at det ikke er noen grunn til at enkelte faktorer skal særstipend-finansieres" (7.2.3.).

Om ramma for den totale stønaden seier meldinga :

"Med den utvikling vi i årene fremover kan forvente i befolkningens alderssammensetning og yrkesdeltakelse, er det imidlertid etter departementets oppfatning ikke gitt at ikke-yrkesaktive automatisk skal kunne følge inntektsutviklingen hos den yrkesaktive delen av befolkningen, og det kan utfra finanspolitiske styringshensyn være uheldig å binde seg til automatisk virkende ordninger av denne type. Dette gjelder særlig i perioder med sterk økning i antall elever og studenter, da stønad til nye utdanningssøkende må prioriteres forran realøkning for den enkelte." (6.1.)

Kva finanspolitisk styring inneber, skulle vera beskrive i førre avsnitt. Det desse setningane varslar er at indeksreguleringa skal opphøyr. Og ein viktig grunn til det er at det vert fleire studentar !

Det er mildt sagt fantastisk når departementet kan sleppa frå seg utsagn som seier at indeksregulering betyr "realøkning for den enkelte". Kostnadsnormen har dei siste åra skulla følge utviklinga til gjennomsnitt industriareidarlønn. Men denne referansegruppa har hatt negativ reallønnsutvikling dei siste tre åra, og dermed har kostnadsnormen i realiteten hatt svakare utvikling enn konsumprisindeksen. Sidan nivået på kostnadsnormen er langt mindre enn industriarbeidarinntekt slår dette sjølvsagt sterkare ut for dei som lever på Lånekassen enn for dei som mottekk langt høgare inntekt.

Når departementet ynskjer å halda stønadsnivået konstant trass i aukande elev/studenttal, kan ikkje det sjåast på som anna enn eit forsøk på styring av søknaden til lærestadene der ein tek sikte på å gi dei "heldige", som er komne innfor, egne interesser i at inntaka vert mindre og mindre. Eit slikt middel er eigna til å skapa spild i student/elevmassen og skapa ein uheldig konkurranse om studieplassane.

Som argumentasjon mot stønad ved svangerskap vert det sagt:

"Departementet anser at det vil være uheldig stimulere til at en ordning for investering i utdanning i hovedsak basert på lån skal benyttes til å finansiere svangerskapspermisjon."

For det første er det vel ingenting ved stønadsordninga som stimulerer til svangerskapspermisjon sjøl om dette var stønadsberettiga . Belastningane ved å få barn under

utdanninga er så store at dette uansett skjer trass i , og ikkje på grunn av mulegheitene til å få stønad.

For det andre kan ikkje dette sitatet tolkast annleis enn at departementet ynskjer ei finanspolitisk styring på dette feltet også. Denne styringa kan ha ulike siktemål:

- Gravide skal skaffa stønad frå anna hald (foreldre ?)
- Gravide skal ut av læreinstitusjonane.
- Stønadssystemet skal ha ein "preventiv" virkning !

f) Problem som meldinga ikkje tek opp

St.melding 12 nemner ein rekke problem med dagens stønadssystem, men avviser i utgangspunktet å gjera noko med det, fordi det kostar. Dette gjeld til dømes aldersskillet, og saker som burde vera elementere slik som stønad ved sjukdom. Men sentrale ting vert ikkje teke opp som problem i det heile. Det gjeld først og fremst den skeive sosiale og geografiske rekrutteringa og vanskane som tilbakebetalarane møter. Rekrutteringsproblemet vert ikkje teke opp i det heile, endå meldinga gjer framlegg om endring av den målsettingsformuleringa som omhandlar dette.

Vanskane med tilbakebetalinga vert avknappa med følgande:

"Etter departementets syn er det ikke behov for at gjennomsnittslånet ved avsluttet høyere utdanning får over 15 års samlet tilbakebetalingstid."

Ein må spørja : Etter kven sitt behov ?

II. UTDANNINGSSTIPEDET

- a) Overgang til nyttstønadssystem sett i lys av nedskjæringspolitikken.

St. melding 12 legg opp til at utviklinga av rammene for utdanningsfinansieringa skal halda fram som i dag. Dette skal skje sjølv om studenttalet aukar. Dette betyr at ein bør rekna med tilsvarande framlegg til nedskjæringar kvart år som dei vi har sett sidan 79 -80.

I det vesentlege er det tilbakebetalinga som har vorte råka. Dette er ikkje overraskande. Heving av minste terminbeløp, som fører til kortare nedbetalingstid, renteheving råkar dei som er ferdige med utdanninga, og ikkje på same måten dei som er i utdanning. Arbeidstakarorganisasjonane har til no ikkje vist så stor evne til å kjempa mot desse forverringane, og det har vore vanleg å anta at dei ferdigutdanna har såpass god råd at forverringa kan gjennomførast utan for store vanskar.

Stipendet har til no vore mindre berørt av nedskjæringane, sjølv om det også her har vore realnedgang dei siste åra. Dette kan sjåast på bakgrunn av at argumentasjonen for dei ulike stipenda står sakleg politisk svært sterkt, sidan målsettinga med dei er å utjamna konkrete ulikheiter i vilkår for å ta utdanning. Dette kan underbyggast med at grunnstipendet, som tidlegare vart tildelt alle, er det einaste som er foreslått (og vedtatt) kutta. Det synest difor som om stipenda si tilknytting til det som i den noverande målsettinga heiter å "bidra til å fjerne ... ulikhet i utdanningsmuligheter", har gjort det vanskeleg å foreta drastiske nedskjæringar av stipendmidlane.

Det viktigaste med omlegginga til det nye systemet er oppsummert i følgande setning :

"Tanken bak denne varianten (prosentstipendmodellen) er altså at det ikke er noen grunn til at enkelte faktorer skal særstipend - finansieres....." (7.2.3.)

Konkret betyr dette at stipendtildelinga ikkje lenger skal knyttast til slike konkrete ulikheiter, men i staden vedtakast som tersklar i kroner og ører og som prosentandel.

Reint sjematisk kan det settast opp slik :

(figurar)

Den nye prosentstipendmodellen er langt meir fleksibel enn dagens ordning. (Dette er og ei hensikt med omlegginga.) Ved å løysa tilknyttinga mellom stipendet og den utjamnande funksjonen som er beskriven i dagens målsetting, kan ein lettast styra stipendet mot det ein til ei kvar tid ynskjer å prioritera. Ordninga er så fleksibel at det går an å oppretthalda i prinsippet den same strukturen på studeiefinansieringa som er i dag, men i det øyeblikk ein

ynskjer å styra stipendtildelinga etter nye målsettingar er det dei som har antatt dårlegast vilkår (som i dag får stipend) som må svi. Utdanningsfinansieringa har alltid hatt ein styrande funksjon, for tilstrøyming til utdanning generellt, og for valg av utdanningsveg. Det nye i meldinga er at ein no vil bruka også stipendmidlane, som var tiltenkt ein utjamnande funksjon til å styrka styringsfunksjonen.

Det mest sansynlege er likevel at staten nyttar den nye modellen til å omgå dei politiske problema som ein i dag møter ved nedskjeringar på stipenda. Eit stort utlån frå Lånekassen kan alltså tålast. Om det skrantar på kan ein jo få det innatt ved forverring av lånevilkåra. Verre er det med stipend som allereie er utdelte.

Ved at Stortinget ikkje lenger skal stilling til dei konkrete stipenda, men berre til tal som tilsynelatande gir likt utslag for alle, vil utdanningsfinansieringa lett få enno meir karrakter av salderingspost på statsbudsjettet enn den har i dag. Ein vil i stipendsamheng ikkje ta hensyn til meirutgifter ved å bu borte, meirutgifter ved forsørging etc.

b) Forenkling av systemet

Eit viktig argument for det nye systemet er at det gamle er kompliser og lite handterleg, og at den nye vert enklare. For det første er det uklart i kor stor grad det nye vert enklare, sidan meldinga inneheld lite konkret om regelverket, og sidan systemet i seg sjølv legg opp til svært store årvisse forandringar.

For det andre vurderer meldinga det som einsidig negativt at det gjeld ulike reglar for kvar type stipend. Dette er opplagt eit problem, men skal ein endra på det må ein først vurdere kvifor systemet er slik, kva som har vore hensikten med å oppretta dei ulike stipendformene. På bakgrunn av den noleggjeldande målsettinga er det klart at det er dei ulike vilkåra i utdanningsmuligheiter som er årsaka til dei ulike regelverka for stipenda. Eit komplisert stønadssystem er oppretta for å utjamne ulike vilkår i eit komplisert samfunn. Sjølv om det sikkert er mykje i stønadssystemet i dag som med fordel for alle kan forenklast, kan ein difor ikkje utan vidare helsa ei forenkling velkommen.

c) Behovsprøving

Departementet går i meldinga inn for å oppretthalda behovsprøvinga av den totale stønaden. Utan at det vert uttala direkte vil det nye stønadssystemet medføra også ei behovsprøving av all stipendtildeling som vert relativt sterkare enn den for total stønad.

Dersom kostnadsnormen var stor nok til å dekkja dei reelle utgiftene for å ta utdanning, hadde ikkje dette vore så stort problem, men i dag må ein ta utgangspunkt i at stadig fleire må ta meir og meir deltidsarbeid ved sida av studiet, for å få endane til å møtast. Dermed kjem ein i den situasjonen at ein for å oppretthalda ein akseptabel levestandar for ein person på 26 år (gjennomsnittsstudenten) må jobba så mykje at ein blir berørt av behovsprøvinga. Dagens system legg opp til

at bortebruarstipendet ikkje så lett skal råkast av behovsprøva. Dette fordi det skal utjamna ulike vilkår.

I det nye systemet, derimot vil behovsprøva råka mest dei som har størst stønadsbehov, ikkje fordi dei mister meir totalstønad enn dei med mindre behov, men fordi det dei mister er ein del av stipendutrekningssgrunnlaget, og ein dermed ikkje berre får redusert totalstønaden, men også stipendandelen av stønaden. Dette samanligna med ein med lågt stønadbehov, som kanskje ikkje kjem opp i stipendgivande stønad i det heile. Ein kjem dermed i den situasjonen at deltidsarbeid vil lønna seg minst for dei for dei som har størst økonomiske vanskar. Skal ein ta deltidsjobb, må ein først rekna frå inntekta det direkte tapet som bortfallet av stipendet utgjør, før ein kjem på linje med tildømes ein heimebuar med lite stønadsbehov.

Dette tilhøvet stemmer ikkje overens med eit system der stipendiering er ein integrert del som skal brukast til avlastning for dei med ekstra store økonomiske bærer.

Som nemnt er dette tilhøve som gjer seg gjeldande med dagens rammer, der ein i takt med nedskjæringane stadig vert meir og meir avhengig av å ha deltidsjobb vedsida av stønaden frå lånekassen. Det vert argumentert for systemet med at det har sosial profil fordi dei som treng mest får mest stipend. Dette kunne vore eit argument dersom den statlege politikken var å auka rammene. Men meldinga kjem i ein periode der nedskjæringane er større enn aldri før og ho må vurderast på den bakgrunnen, serleg sidan meldinga sjølv foreslår fortsatte nedskjæringar for dei enkelte studentane.

Så lenge kostnadsnormen ikkje kan dekkja utgiftene kjem også det forholdet inn i biletet at dei som har høve til å få dekkja større eller mindre deler av utgiftene sine ved stønad heimanfrå, ikkje vert råka av behovsprøva. Det vert difor svært vanskeleg å finna den sosiale profilen til dette systemet, når ein jamfører det med verkelegheita.

(figurar)

III. DEN FAKTISKE REDUKSJONEN AV STIPENDET FOR DEI SOM I DAG MOTTEK BORTEBUARSTIPEND.

Den første effekten ein vil merka av det nye systemet er ei overføring av midlar frå dei som i dag mottek bortebruarstipend (bortebruarar med heimstad minst 40km frå lærestaden) til dei som i dag får heile bortebruartillegget utbetalt i form av lån (dei med kortare avstand enn 40 km.) Dette skjer ved at 40km-grensa vert oppheva. Tilsynelatande har ein altså fått "innfridd" kravet om bortebruarstipend til alle reelle bortebruarar, utan at vi har fått eit øre meir.

Det som for framtida skal ta hensyn til geografiske ulikheiter, er det nye reisetillegget som det (avhengig av nivået på den nedre terskelen) skal reknast stipend av. Bortsett frå at dette kjem på toppen av stønaden og er det første som vert råka av behovsprøva, så er det i utgangspunktet foreslått så lite at det får minimal betyding, utan at ein har svært lange reiser.

IV. NEDKORT ATTENDEBETALINGSTID OG INNFØRING AV RENTERS RENTE

Effekten av nedkorta attendebetalingsstid er omtala tidlegare i motmeldinga, så her skal berre nemnast at dette samt innføring av renters rente vert lagt fram i ei melding går inn for i prinsippet at ulikheiter i vilkåra for å ta utdanning skal utjamnast ved å tildela større lån til dei med særskilde behov i motsetning til i dagens system, der dette prinsipielt skal søkast utjamna med stipend.

Med desse to forslaga på bordet har alle dei tilhøva som skil Lånekassen frå vanlege banklån vorte angripne dei siste tre åra. Rentefritak i studietida står att som den einaste fordel, dersom denne meldinga går gjennom.

Som ein negativ faktor for Lånekassen kjem det at lånevilkåra der kan endrast utanvidare, medan privatbankane er nøydd til å halda seg til undertekna lånekontraktar. St.meldinga foreslår jamvel at det kvar år skal vurderast endringar i tilbakebetalingsvilkåra for allereie inngåtte låneavtalar.

Om denne utviklinga held fram over tid er det berre utlånstopp i privatbankane som kan oppretthalda Lånekassen som den sentrale Låneinstitusjon for utdanningsøskande.

(I dette avsnittet trengst det ein del samanlikningar med vilkåra i privatbankar.) (Tabellar etc.)

Dette kapitelet var eit forslag til DUK si motmelding, men blei avvist av DUK som vedtol at Sos.Front skulle overta arbeidet med motmeldinga.

aw

